



Arbeiderpartiet



## **Forslag til kommunebudsjett 2016 og økonomiplan 2016—2019**

Kommunestyret 17.12.2015. Forslag til vedtak i sak nr. 167/15.

## Budsjett 2016 med økonomiplan 2016–2019. Framlegg frå Høgre og Arbeiderpartiet.

1. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt budsjettframlegg for 2016 og økonomiplan 2016–2019 med følgjande endringar:

	2016	2017	2018	2019
<b>Auka inntekter og reduserte utgifter:</b>				
Generelt effektiviseringskrav 0,25 pst.	773 000	793 000	816 000	840 000
Reduksjon auke i betaling av avdrag	1 000 000	1 400 000	1 400 000	1 500 000
Husleigeinntekter omsorgsbustader	-	960 000	1 920 000	1 920 000
Innsparte midlar for fritidskontakt NFU	112 000	-	-	-
<b>Auka utgifter:</b>				
Blått kompetansesenter	-100 000	-	-	-
Den kulturelle spaserstokken	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Auka renter på endra lånegjeld	-208 500	-1 054 184	-993 619	-975 372
Auka avdrag på endra lånegjeld	-344 025	-1 739 403	-1 639 472	-1 706 900
Auka godtgjersle til leiar i kontrollutvalet	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Auke 1 lærarstilling, Austevoll ungdomsskule	-264 375	-653 535	-673 141	-693 335
Auke 2 lærarstillingar, Storebø skule	-528 750	-1 307 070	-1 333 211	-1 373 208
Auke 1,5 assistentstilling	-308 438	-755 055	-770 156	-785 559
«Bygdapott» til investering og vedlikehald	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Ekstern evaluering av konkurranseutsette tenester	-150 000	-	-	-
<b>Utgifter i samband med busetjing av flyktingar:</b>				
Introduksjonsstønad	-2 521 848	-4 323 168	-3 602 640	-3 602 640
Husleige	-277 333	-917 333	-1 557 333	-2 197 333
Frivillighetskoordinator	-423 000	-634 500	-634 500	-634 500
Helsestasjonen	-425 115	-634 500	-951 750	-951 750
Vaksenopplæringa	-425 115	-634 500	-951 750	-951 750
Offentleg skule, norskopplæring	-425 115	-634 500	-951 750	-951 750
Barnehage 0–2 år	-414 200	-621 300	-621 300	-621 300
Barnehage 3–6 år	-211 200	-316 800	-316 800	-316 800
<b>Inntekter i samband med busetjing av flyktingar:</b>				
Statleg refusjon ved busetjing av flyktingar	5 483 654	9 526 595	11 748 036	13 964 677
<b>Endring i resultat</b>	<b>106 640</b>	<b>-1 781 253</b>	<b>651 614</b>	<b>2 227 480</b>
Overføring til disposisjonsfond, rådmannens budsj.	2 277 000	3 413 000	3 539 000	3 236 000
Bruk av dispensasjonsfond	-	-	-	-
Overføring til disposisjonsfond	106 640	-1 781 253	651 614	2 227 480
<b>Sum overført til disposisjonsfond</b>	<b>2 383 640</b>	<b>1 631 747</b>	<b>4 190 614</b>	<b>5 463 480</b>

2. Austevoll kommunestyre vedtek følgjande investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2016–2019:

	2016	2017	2018	2019
<b>Investeringar:</b>				
Adresseprosjekt	1 500 000	-	-	-
Startlån	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
IT-investeringar	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Storebø skule	41 450 000	-	-	-
Uteområde Storebø skule	5 000 000	-	-	-
Trafikksikring Storebø skule	2 750 000	-	-	-
Symjehall	20 000 000	-	-	-
Investering idrettsanlegg	3 500 000	3 500 000	-	-
Helsesenter	44 384 500	-	-	-
Kultursal Selbjørn skule	1 800 000	-	-	-
Hufthamartunet	500 000	-	-	-
Vegljos	-	250 000	250 000	250 000
Asfaltering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Folkehelse/turløyper	250 000	250 000	250 000	250 000
Investeringsfond for Austevoll ungdomsskule	-	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Bekkjarvik gravplass	2 000 000	1 000 000	-	-
Omsorgsbustader Storebø	-	59 440 000	-	-
Stolar og teppe til Austevoll kyrkje	250 000	-	-	-
Utbetring av/ny lokalitet for kommunehuset	21 250 000	-	-	-
<b>Sum investeringar</b>	<b>151 134 500</b>	<b>72 440 000</b>	<b>8 500 000</b>	<b>8 500 000</b>
<b>Finansiering:</b>				
Momskompensasjon	29 426 900	2 688 800	600 000	600 000
Unyttå lånemidlar frå 2015 til pågåande investering	8 096 600	-	-	-
Bruk av investeringsfond	1 450 000	1 500 000	2 688 800	2 688 800
Tilskot frå staten omsorgsbustader	-	26 748 000	-	-
Låneopptak	112 161 000	41 503 200	5 211 200	5 211 200
<b>Sum finansiering</b>	<b>151 134 500</b>	<b>72 440 000</b>	<b>8 500 000</b>	<b>8 500 000</b>

- Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2016 vert høgste sats lagt til grunn.
- Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skrive ut eigedomsskatt på «verk og bruk» med 7,0 %. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar, mars månad og oktober månad.
- Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar i 2016 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
- Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr 4 millionar i 2016 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
- Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil kr 108 millionar til investeringar. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innanfor ramma til finansreglementet, der minst 1/3 av totalgjelda skal ha fastrente. I samsvar med finansreglementet ber kommunestyret rådmannn søke å auke delen fastrentelån til 2/3 av totalgjelda basert på dei gjeldande vilkåra for fastrentelån.

8. Austevoll kommunestyre vedtek at det skal brukast midlar av premiefond til å betale pensjonspremie, avgrensa opp til kr 7,5 millionar. For å betre likviditeten snarast råd ber kommunestyret om at bruk av premiefond skal nyttast til betaling av faktura på pensjon så tidleg som mogleg i året.

## Merknader til budsjettet:

### 1. **Framleis løpande opptak i barnehagane**

Dei private barnehagane i Austevoll leverer gode tenester. I hovudsak på grunn av auka barnetal er det trong for auka tilskot til barnehagane i kommunen. I etterkant av budsjettbehandlinga i formannskapet er det mellom anna lagt fram nye statlege satsar for tilskot til private barnehagar. Høgre og Arbeiderpartiet er svært nøgd med at den nye utrekninga til rådmannen viser at budsjettforslaget likevel ikkje medfører at talet på teljedatoar blir redusert.

### 2. **Mildt effektiviseringskrav på 0,25 prosent**

Driftseiningane blir ilagt eit generelt effektiviseringskrav på 0,25 prosent i 2016, 1 prosent samla i økonomiplanperioden 2016–2019. I 2016 utgjer det samla effektiviseringskravet for heile den kommunale forvaltinga kr 773 000. Rådmannen blir beden om å framvise korleis effektiviseringa kan hentast i forvaltinga, og vurdere om det er trong for politisk tilslutnad for å gjennomføre denne. Høgre og Arbeiderpartiet legg til grunn at kravet blir innfridd gjennom utgiftsinnsparingar som ikkje rår brukarar av dei kommunale tenestene. Det blir peika på potensial for innsparing gjennom forenklingar og endringar i rutiner og prosessar. Effektiviseringskravet er ikkje tenkt henta gjennom reduksjon i stillingar.

### 3. **Auka avdragsnedbetaling samanlikna med åra før**

Høgre og Arbeiderpartiet er samde i rådmannens tilråding om å auke avdragsprofilen samanlikna med tidlegare år. Budsjettkonsekvensen av endringa er kr 5 millionar kroner i 2016, ein auke på 64 prosent frå 2015. For delvis å reversere rådmannens forslag om reduksjon i lærarstillingar, så er det naudsynt å redusere auken i nedbetaling av avdrag samanlikna med rådmannens endring frå kr 9 millionar i 2015 til kr 14 millionar i 2016. Forslaget inneber at å redusere avdrag med 0,2 prosentpoeng i 2016, frå 3,5 til 3,3 pst., og med 0,6 prosentpoeng i perioden 2017–2019, frå 4,1 pst. til 3,5 pst. Endringa reduserer utgiftene med kr 1 million i 2016.

### 4. **Midlar til realisering av Blått kompetansesenter**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner Blått kompetansesenter er eit prosjekt av så avgjerande verdi at kommunen må medverke til å sikre at senteret blir realisert. Kr 100 000 blir derfor sett av som kommunal medfinansiering for å fasilitere gjennomføringa av prosjektet.

### 5. **Kulturelle aktivitetar i dagsenteret for eldre**

Den kulturelle spaserstokken er kulturelle aktivitetar for eldre ved dagsenteret. Eit beskjedent tilskot medverkar til stor glede. Kommunestyret viderefører tilskotet til den kulturelle spaserstokken med kr 20.000 i 2016 og utover i økonomiplanperioden.

### 6. **Delvis reversering av kutt i lærarstillingar**

Rådmannen foreslår å kutte 6 lærarårsverk og 1,5 årsverk for andre tilsette frå skuleåret hausten 2016. Høgre og Arbeiderpartiet er usamd i forslaget frå rådmannen og meiner det bryt med semja som var i førre periode, om at skulesamanslåing ikkje skulle redusere talet på lærarårsverk i skulen. Kommunestyret vedtek at 3 lærarårsverk og 1,5 årsverk for andre tilsette blir oppretthalde i økonomiplanen, med ein budsjettkonsekvens på kr 1,1 millionar i 2016.

### 7. **Busetting av flyktningar er eit økonomisk nullsum-spel**

Austevoll kommunestyre har fatta vedtak om å busetje inntil 20 flyktningar i 2015, og inntil 15 flyktningar dei påfølgjande 3 åra. Utrekningar viser at den økonomiske konsekvensen for kommunen er marginal. I økonomiplanperioden kan statlege tilskot for busetting av flyktningar samla sett overstige kommunens utgifter. Dette blir stadfesta av erfaringar frå Fjell kommune. Høgre og Arbeiderpartiet viser også til at det allereie er busett flyktningar i Austevoll og at

kommunen har eit apparat som følgjer opp desse. Kommunestyret styrkar funksjonar som skal følgje opp flyktningar. Nye utgifter i samband med busetting av flyktningar er gitt effekt frå 1. april 2016.

**8. Frivillighetskoordinator frå 1. april 2016**

I samband med busetting av flyktningar blir det oppretta ein frivillighetskoordinator frå og med 1. april 2016. Høgre og Arbeiderpartiet legg til grunn at frivillighetskoordinatoren også skal ha oppgåver utover det å følgje opp aktivitetar retta mot flyktningar. Frivillighetskoordinatoren vil mellom anna også arbeide med å styrke fritidstilbodet overfor ungdom, og menneske med nedsett funksjonsevne. Høgre og Arbeiderpartiet legg også til grunn at kommunen medverkar til eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og einskiltpersonar som ønskjer å bidra, for å integrere flyktningar.

**9. Ny tilskotspott for oppgradering og vedlikehald av bygdehus**

Grenda- og samfunnshus er viktige samlingsstader i Austevoll. Kommunen gir etter søknad tilskot til kultur- og idrettsaktivitetar, men Høgre og Arbeiderpartiet meiner det er føremålsteneleg at kommunen også har ein årleg pott som skal gå til til vedlikehald og oppgraderingar av desse samlingshusa i Austevoll. Kommunestyret set derfor av kr 200 000 årleg i økonomiplanperioden til ein søkbar pott til dette føremålet. Rådmannen blir beden om legge fram skisse til kriterier for å få tilskot frå den nye «bygdepotten». Det blir lagt til grunn at det skal vere éin årleg søknadsfrist for tilskot.

**10. Evaluering av dei konkurranseutsette offentlege tenestene**

Høgre og Arbeiderpartiet er samde om dei konkurranseutsette offentlege tenestene skal vere gjenstand for ekstern evaluering. Evalueringa skal mellom anna vurdere kvaliteten på tenestene utifrå perspektiva til brukarar og pårørande, i tillegg til medarbeidartilfredsheit og økonomi. Det blir derfor sett av kr 150 000 i 2016 for å gjennomføre denne evalueringa.

**11. Kjende investeringsbehov blir finansiert i økonomiplanen**

Høgre og Arbeiderpartiet er samde i dei investeringar som er lagt fram av rådmannen, men meiner at budsjettet og økonomiplanen i så stor grad som mogleg må innehalde kjente og naudsynte tiltak som ein veit må finansierast i fireårsperioden. Investeringsbudsjettet er derfor auka til å inkludere investeringar som blir nemnt nedanfor. I rådmannens budsjettframlegg peikar han på nokre investeringsbehov i tekstdelen – kommunehus og Austevoll ungdomsskule – utan at dei økonomiske konsekvensane av dette blir lagt inn i økonomiplanen. Desse investeringane legg kommunestyret inn i investeringsbudsjettet slik at investeringane er finansierte.

**12. Ein halv million til utbetringar av Hufthamartunet**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner at det ikkje er hensiktsmessig at investeringar ved Hufthamartunet blir fordelt i mindre beløp over fleire år, når ein heller kan sikre ei meir omfattande utbetring i 2016. Det blir derfor lagt inn kr 500 000 i investeringar til Hufthamartunet i 2016.

**13. Avsetjing til fond for framtidig utbetring av Austevoll ungdomsskule**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner det er naudsynt at kommunen gjer fondsavsetjingar kvart år, frå og med 2017, for å medverke til finansiering av utbetring av Austevoll ungdomsskule. I økonomiplanperioden utgjer dette kr 4,5 millionar.

**14. Uavklart finansiering av fylkesveg til fiskerihamna**

Høgre og Arbeiderpartiet viser til at Austevoll kommune har inngått avtale med Kystverket om at kommunen skal bygge bilveg frå fylkesveg til fiskerihamna. Prosjektet vil medføre ein monaleg investering og det er uklart korleis vegen skal finansierast.

**15. Bustader til flyktningar**

Høgre og Arbeiderpartiet har finansiert behovet for busetting av flyktningar i driftsbudsjettet, med leige av bustader. Rådmannen har gjort greie for at mange flyktningar kan busettast i tomme, eksisterande kommunale husvære. Dette reduserer leigeutgiftene i driftsbudsjettet. Kommunestyret imøteser sak med endring av investeringsbudsjettet dersom det er hensiktsmessig å bygge bustader for flyktningar i kommunal regi.

**16. Utbetring av gravplassen i Bekkjarvik**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner det er eit stort behov for utbetring av gravplassen i Bekkjarvik. Kostnaden er opplyst å vere kring kr 3 millionar kroner. Det vert lagt til grunn at arbeid blir igangsatt i 2016 og ferdigstilt 2017. Det blir derfor sett av kr 2 millionar i investeringsbudsjettet i 2016 og kr 1 million i 2017. Rådmannen legg fram sak for kommunestyret om utbetring av gravplassen i Bekkjarvik.

**17. Finansiering av helsehuset**

Høgre og Arbeiderpartiet har vore sterke forkjemparar for helsehuset som er i ferd med å bli realisert på Storebø. Det er prekært behov for nye lokalitetar for dei kommunale helsetenestene, og det er ønskeleg å samle dei kommunale helsetenestene på ein stad, nær pleie- og omsorgssenteret. Prosjektet vil vere ein styrke for den kommunale tenesteproduksjonen og lette arbeidskvardagen til dyktige og tålmodige medarbeidarar i kommunen. Det er sett av kr 44,4 millionar i investeringsbudsjettet til bygging av helsehus.

**18. Meir pengar til trafikksikring ved Storebø skule**

Det er usikkert om tilrådd investering i uteområde ved Storebø skule er tilstrekkeleg for faktisk å gjere naudsynte utbetringar. Det kan vere hensiktsmessig å skilje investering i uteområde ved Storebø skule og trafikksikringsbehov. Det blir derfor avsett kr 2,75 millionar til trafikksikring ved Storebø skule i 2016. Eventuelle unytta midlar til trafikksikring skal overført til asfaltering av kommunale vegar.

**19. Ein million kroner til asfaltering av kommunale vegar årleg**

Det kommunale vegnettet har for låg kvalitet og Høgre og Arbeiderpartiet støttar satsinga på asfaltering av kommunale vegar. Partia har vurdert å auke investeringa i 2016, men finn at det er større behov for å auke finansieringa av trafikksikring ved Storebø skule.

**20. Omsorgsbustader med sjøutsikt på Storebø**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner det er behov for kommunale omsorgsbustader for utleige på Storebø. Prosjektet i Bekkjarvik har vore vellukka og det er ønskeleg gjennomføre tilsvarande prosjekt ved sjøfronten på Storebø. For at prosjektet skal gjennomførast må det finansierast i økonomiplanen. Høgre og Arbeiderpartiet understrekar at prosjektet skal vere sjølvfinansierande. Det blir lagt inn kr 59,5 millionar kroner til prosjektet i investeringsbudsjettet der lånebehovet etter fråtrekk frå tilskot og meirverdiavgift er i storleiksorden kr 31 millionar.

**21. Pengar til nye stolar og tepper i Austevoll kyrkje**

I etterkant av budsjettbehandlinga i formannskapet har det blitt peika på at det er trong for nye stolar og tepper i Austevoll kyrkje. Det blir derfor lagt inn kr 250 000 til dette føremålet i investeringsbudsjettet for 2016.

**22. Eit kommunehus med skikkelege arbeidstilhøve**

Kommunehuset er i dårleg forfatning. Det er trong for å sikre tenelege og forsvarlege arbeidstilhøve for dei kommunetilsette som blir verande igjen på kommunehuset, etter at helsehuset står ferdig. I tillegg må det sikrast at kommunehuset tilfredstiller krav om universell utforming. Høgre og Arbeiderpartiet viser til at rådmannen er i gang med å vurdere alternative løysingar for kommunehuset. Det er aktuelt med rehabilitering og utbetring av eksisterande bygg eller flytting til anna bygg. Kommunestyret set av kr 21,3 millionar i investeringsbudsjettet for å finansiere dette. Beløpet er estimert, der ein legg til grunn same kvadratmeterpris som for helsehuset, og eit arealbehov på 850 kvadratmeter. I eiga sak frå rådmannen vil det kome fram om det er trong for investering eller om kommunen skal leige lokaler slik at det blir utgiftsført over driftsbudsjettet.

**23. 7 millionar kroner til idrettsanlegg over to år**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner det er viktig at eksisterande idrettsanlegg blir vedlikehalde. Kommunestyret set derfor av kr 3,5 millionar til idrettsanlegg i 2016 og i 2017, totalt kr 7 millionar.

**24. Ny kultur- og konferansesal i Bekkjarvik**

Kommunestyret set av kr 1,8 millionar kroner i investeringsbudsjettet for å ferdigstille ein ny kultur- og konferansesal i gymsalen på Selbjørn skule. Endeleg kostnad for prosjektet er ikkje

kjend, det kan derfor vere trong for å revidere den kommunale investeringa i løpet av 2016. Rådmannen blir beden om å legge fram sak om prosjektet for politisk behandling med eventuell revidering av investeringsbudsjettet.

**25. Sydenturar for menneske med nedsett funksjonsevne**

Høgre og Arbeiderpartiet meiner at kommunen skal medverke til at sydenturane for menneske med nedsett funksjonsevne blir gjennomført også i fortsettinga. Sydenturane er annakvart år, i regi av Norsk forbund for utviklingshemmede (NFU). Høgre og Arbeiderpartiet meiner at kommunen som hovudregel skal medverke til å dekke utgifter med støtte og bistand, slik at utgifta som blir påført dei reisande så langt det lar seg gjere blir avgrensa til reise og opphald.

**26. Støtte til Hanne Haugland**

Rådmannen har opplyst at støtte til Hanne Haugland ikkje ligg inne i budsjettframlegget hans. Kommunen har forplikta seg til å gi årleg støtte på kr 100 000. Høgre og Arbeiderpartiet legg til grunn at pengane kan dekkast innanfor eksisterande budsjettpostar, alternativt over ymseposten til formannskapet.